



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/20	Plan- og eigedomsutval	02.06.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/337 - 20/3811	K2-K40	Øi Knut Fredrik 57641200	26.05.2020

### **Tildeling av fellingsløyver for hjort og elg i Aurland 2020 - definering av kommunal målsetjing for felling**

#### **Saka gjeld:**

Aurland kommune vedtok bestandsplan for hjort for planperioden 2018-2020 i sak 028/18 den 4. juni 2018. Fellingsmålet var 200 årlege felte hjort. På det tidspunktet planen vart politisk handsama i Aurland, var føringane frå sentrale styresmakter at kommunane kring Nordfjella skulle redusera bestandane av hjort og elg i samband med bekjempinga av skrantesjuka (auka avskytinga med om lag 20%). Før jakta 2019 vart oppmodninga skjerpa til at Aurland kommune skulle meir enn halvera bestandane av hjort og elg. Dette vart forsøkt talfesta av Norsk Institutt for Naturforskning (NINA).

Status per dags dato er at det er stort sprik mellom NINA/Miljødirektoratet/Mattilsynet og Aurland hjorteutval sin oppfatning av bestandsstorleik – og utvikling. Rådmannen ser det difor som ønskeleg at det vert gjort ei ny politisk vurdering av kva Aurland kommune skal ha som mål for felling i 2020.

#### **Tilråding frå rådmannen:**

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 er det eit kommunalt mål at bestanden av hjort i Aurland kommune skal meir enn halverast i høve 2016-nivået.

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 er framleis bestandsplanen for hjort godkjent, men fellingsmålet for 2020 konkretiseres til å vera minimum 268 felte hjort.

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 18 tildeler Aurland kommune 20

fellingsløyve for elg og 382 fellingsløyve for hjort (jamfør vedlegg).

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 kan valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort nytta samtlige ubrukke fellingsløyve fra planperioden i jaktseasonen 2020/21. Totalt tilgjengelege fellingsløyve for hjort i seasonen 2020/21 er då 715.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlovas §§8-12.

### **Saksframlegg**

Skrantesjuka (CWD) vart oppdaga på villrein i Nordfjella sone 1 i 2016. Tilgjengeleg kunnskap tilseier at det er ein fare for at skrantesjuka kan smitte over på hjort og elg. Difor har forvaltning av hjortevilt i områda kring Nordfjella vore fokusert på omsynet til denne sjukdommen. Miljødirektoratet/Mattilsynet har bedt alle dei 15 kommunane kring Nordfjella («Nordfjella-regionen») om meir enn å halvera bestandane sine av hjort og elg i høve 2016-nivået, for å forhindra smittespreiing av skrantesjuka. Lærdal og Aurland er bedt om å redusera ytterlegare, grunna høg tettleik av hjortedyr, samt stort overlapp med villreinens arealbruk. Meir enn halvvering av hjort- og elgbestandane er difor å sjå på som eit kommunalt mål for hjorteforvaltninga fram til 2023 (førebelst tidspunkt for friskmeldning).


Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) har, på oppdrag frå Miljødirektoratet, gjort eit forsøk på å estimera bestandsstorleiken for hjort og elg i Nordfjella-regionen (NINA-rapport 1667). I tillegg har dei kome med forslag til avskyttingsplan for å halvvera bestandane i løpet av jaktseasonane 2019 og 2020. Våren 2020 kom NINA med ei oppfølgjingsrapport kor fellingsresultata frå jakta 2019 var teke med (NINA-rapport 1813). Konklusjonen i denne rapporten er at Aurland kommune er bak skjemaet i høve halvvering, og bør meir enn dobla det skisserte uttaket i 2020. NINA anbefalar difor at det skal fellast 688 hjort i Aurland i 2020.

Styret i Aurland hjorteutval er av ei fundamentalt forskjellig oppfatning av status for bestandsstorleik og kor ein er på vegen mot halvvering. Difor ser rådmannen eit behov for at Aurland kommune definerer eit kommunalt mål om felling i 2020.

### **Vurdering**

Det eksisterer diverre ikkje nokon påliteleg metode for å finna ut av kor mykje hjort det er i eit område. Til dømes kan det for Lærdal sin del sjå ut som at NINA sine forskarar truleg har underestimert bestanden. For Aurland sin kan ein kanskje tru at modellene har overestimert bestandsstorleiken. I Aurland har ein i utgangspunktet to «datasett» som beskriver bestandsstorleiken, i tillegg til NINA sin modellering. Det eine er sett-hjort per jegerstime (jegerane sine observasjonar under jaktutøving på hausten). Det andre «datasettet» er jegerane sine samla observasjonar gjennom året som så vert «summert» opp i regi av Aurland hjorteutval. Aurland hjorteutval er av

den klare oppfatning av at hjortebestanden har vorte monaleg redusert etter hausten 2017 og at bestanden i 2018 var om lag halvert. Dette vert forklart ved ei rekordhøg felling på 234 dyr i 2017 og med ein påfølgjande veldig tøff vinter. Unormalt mykje hjort vart dokumentert dautt våren 2018. Indeksen «sett-hjort per jegertime» ser slik ut:



Figur 1. Syner kor mange hjort den samla jegerstanden i Aurland har sett per time under jaktutøving. Indeksen er eit bilete på utviklinga.

Slike indeksar kan neppe nyttast som ein fasit frå år til år, men tanken bak metodikken er at endringar over tid skal gjenspeilast i indeksen. Om ein tek eit gjennomsnitt for åra 2015-17 og samanliknar med snittet for 2018-19, kan ein sjå antydninga av ein reduksjon i størrelsesorden 30%. Dette forutsetter likevel at endring i faktisk bestandsstorleik er proporsjonal med endring i indeksen. Dette veit me ikkje om er tilfelle. Årsvariasjonar og metodefeil gjer at ein skal vera veldig forsiktig med å konkludera med at bestanden har auka frå 2018 til 2019. Men i denne samanhengen burde ein likevel leggja føre-var-prinsippet til grunn i vurderingane (jamfør *Naturmangfoldlova* § 9). Konsekvensane av ei mogleg smittespreiing frå miljøet i sone 1 til anna hjortevilt vil potensielt vera katastrofale. Og når ein då er i tvil om ein har god nok kunnskap om faktisk bestandsstorleik, samt den faktiske faren for ei smittespreiing frå sone 1 (jamfør «kunnskapsgrunlaget» i *Naturmangfoldlovas* § 8), burde ein heller redusera hjortebestanden «litt for mykje» enn «litt for lite».

Rådmannen er av den oppfatning at bestanden av hjort i Aurland mest truleg vart ein god del redusert etter jakta 2017 og vinteren 2017/18. Om jaktuttaket i 2018 (151 dyr) og i 2019 (181 dyr) bidro til vekst eller reduksjon er det vanskeleg å meina noko bastant om endå, sjølv om sett-hjort-tala indikerer ein svak vekst frå 2018 til 2019. Sett-hjort-tala for kommande haust vil truleg fortelja oss noko meir om korleis jaktuttaket i 2019 påverka bestanden. Vintrane 2018/19 og 2019/20 har vore snille.

Svært lite hjort har vorte funne daude. Det er difor truleg at det har vore jaktuttaket som har hatt mest å seia for endring i bestandsstorleik dei siste to år og ein kan kanskje tru at bestanden har hatt gode forutsetjingar for å veksa. Auka fokus på kalv i avskytinga vil også kunna bidra til vekst, og trong for å fella fleire dyr for å få bestanden ytterlegare redusert.

Aurland kommune opererer no med treårige bestandsplanar. Den gjeldande planen er for perioden 2018-2020. Aurland kommune har i 2018 og 2019 vedteke at alle fellingsløyvene i planperioden kan nyttast fritt i løpet av dei tre haustane. Dei valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort (om lag 85%), kan nytta dei ubrukte fellingsløyva frå 2018 og 2019. Dette gjer at det for jaktseasonen 2020 er 715 tilgjengelege fellingsløyve. I tillegg er det fri kvote på kalv. Det kan altså i prinsippet fellast 715 dyr pluss ubegrensa mykje kalv i Aurland denne hausten. Med andre ord er det ikkje tal fellingsløyve det skal stå på. Det sentrale spørsmålet er kor mykje hjort det *bør* fellast denne hausten.

Av omsyn til usikkerheiten om faktisk bestandsstorleik og bestandsutvikling meiner rådmannen at det bør vera eit ambisiøst mål for felling av hjort i 2020. Om ein legg til grunn målet om 200 felte hjort årleg i planperioden, er det felt 68 dyr for lite so langt. Rådmannen meiner at det burde vera mogleg å fella desse 68 dyra i tillegg til dei planlagte 200, altså 268 hjort i 2020. Det er fellingsløyve nok, jakttida er utvida til å starta 15. august og jakta varer ut januar månad. Det er fri kvote på kalv og det skal jobbast med å få vidareført helikoptertransport av slakt ned frå fjellet. I tillegg er alle fellingsløyva for hjort tildelt som frie på alder og kjønn til alle vald.

Konklusjon:

- Rådmannen tilrår at det kommunale målet for felling av hjort i 2020 skal vera minimum 268 hjort.
- Fellingsløyvene for hjort og elg vert tildelt som beskrevet i vedlegga.
- For valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort, kan alle ubrukte fellingsløyve frå planperioden nyttast i 2020.

**Uprenta vedlegg til saka:**

**02.06.2020 Plan- og eigeidomsutval**

**Handsaming i møte:**

Sakshandsamar Knut Fredrik Øi orienterte om saka i møte.

**Røysting:**

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

**PEU-026/20 Vedtak:**

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 er det eit kommunalt mål at bestanden av hjort i Aurland kommune skal meir enn halverast i høve 2016-nivået.

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 er framleis bestandsplanen for hjort godkjent, men fellingsmålet for 2020 konkretiseres til å vera minimum 268 felte hjort.

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 18 tildeler Aurland kommune 20 fellingsløyve for elg og 382 fellingsløyve for hjort (jamfør vedlegg).

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 kan valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort nytta samtlige ubrukke fellingsløyve fra planperioden i jaktseasonen 2020/21. Totalt tilgjengelege fellingsløyve for hjort i seasonen 2020/21 er då 715.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlovas §§8-12.

Samrøystes

**Vedlegg:**

Aurland hjortevald 2020

Aurland elgvald 2020